



Stem Raudt i Øygarden



Valprogram for
Raudt Øygarden 2023 - 2027

Til kamp mot forskjells-Øygarden

Kjære veljar!

Raudt Øygarden vil halde fram med å vere ei stemme for dei som treng det mest. Vi ønskjer å fremje ein solidarisk politikk som tar eit oppgjer med dei stadig aukande forskjellane. Raudt ønskjer eit krafttak mot fattigdom og vil sikre ein god levestandard for alle innbyggjarane. Om du har løn, dagpengar eller sosialstønad skal ikkje avgjere om du har eit verdig liv. Raudt vil investere i helse, oppvekst og sosial utjamning.

Raudt har ein miljøstrategi der målet er ei samfunnsutvikling som tek vare på innbyggjarane, miljøet og naturressursane. Fokuset kan ikkje berre vere på forbruk og endelaus økonomisk vekst. Vi må ha ein berekraftig plan for utviklinga av kommunen. Nærleiken til havet har vore viktig for innbyggjarane i mange generasjonar. Raudt vil ha utvikling og samstundes ta vare på kystkulturen, kapitalen og grunnverdiane som finst her ute. Reint profitorienterte marknadskrefter skal ikkje få forme miljøet og samfunnet utan å ha innbyggjarane med på laget. Demokrati som styrande prinsipp inneber at innbyggjarane har innsyn i kommunen sitt arbeid. Raudt krev meir gjennomsiktige saksprosessar med betre innsyn i kommunale saker. Raudt ynskjer folkeleg medverknad også i budsjettprosessane. Vi arbeider for å styrke trepartssamarbeidet med reell medverknad og innsyn for organisasjonar. Raudt ynskjer å bidra positivt i kommunestyret, utval og debattar gjennom å fokusere på sak og behandle meiningsmotstandarar med respekt. Dette bidrar til at fleire vil delta med viktige synspunkt i samfunnsdebatten, og er haldningsskapande.

RAUDT VIL:

- redusere kommunegjelda med tilhøyrande rentekostnader for å sikre demokratisk handlingsrom i økonomien
- kutte i løn og godtjersler til kommunedirektør, øvste stab, ordførar og betalte politikarar
- sikre gode velferdstenester og godt arbeidsmiljø gjennom forsvarleg bemanning i kommunale arbeidsplassar ved å innføre eigedomsskatt på sekundær bustader og gjeninnføre eigedomsskatt på verk og bruk
- at alle tilsette skal ha rett til å ytre seg offentleg og i politiske organ om arbeidsforholda deira
- sikre at organisasjonar som Ungdommens Kommunestyre (UKS), eldrerådet og råd for personar med nedsett funksjonsevne får medverke i viktige avgjersler
- at frivilligheita skal styrkast med tilrettelegging og økonomi og takast betre med i utgreiingar, men behalde sjølvstendet og fridomen
- sikre at Øygarden kommune nyttar seg av SIFO sine satsar ved utrekning av sosialhjelp

Helse og velferd

Innbyggjarane fortener gode kommunale helsetenester og eit samanhengande helse- og omsorgstilbod gjennom heile livet. For å lukkast må vi ha ein sterk offentleg helsesektor der det blir lagt vekt på ønska og behova til innbyggjarane.

Vi støttar alle tiltak for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta aktivt i samfunnet. Dei skal få dei same aktivitetstilboda på lik linje som alle andre.

Kommunen skal ta vare på innbyggjarane sine og styrke kommunale og frivillige førebyggande arbeid mot overgrep, rusmisbruk og kroppspress. Det bør også leggjast til rette for at rusmiddelavhengige skal ha tilgang til bustad, økonomisk støtte, sprøyterom og helse- og sosialtenester. Alle som bur i kommunen skal ha tilgang til psykisk hjelp, om det er via helsetenesta, skulen, DPS eller psykisk helsehjelp.

RAUDT VIL:

- auke minstesatsen for sosialhjelp til eit nivå det er mogleg å leve av
- halde alle ekstraordinære utbetalingar utanfor utrekningsgrunnlaget for sosialhjelp
- framleis styrke barnevernet i Øygarden og setje inn tiltak for å få fleire støttekontaktar og beredskapsheimar,
- støtte positivt førebyggande arbeid for barn og unge, som avlastingsbustad og kurs for foreldre
- styrke logopedtilbod til vaksne
- sikre tilbod om brukarstyrt personleg assistanse (BPA) uavhengig av alder
- arbeide for at kommunen har ein plan som tek vare på personar med nedsett funksjonsevne i overgangen frå barn til voksen

Eldreomsorg

Øygarden kommune har ei aukande gruppe med personar som treng hjelp til ulike behov. Det er her i eldreomsorgen vi treng ei forsvarleg bemanning og for å ta vare på både dei tilsette og bebruarane. Vi treng fleire sjukeheimspllassar og tilrettelagte eldrebustader i kommunen.

RAUDT VIL:

- opprette fleire stillingar med gode arbeidsforhold for å møte eldrebølga
- sikre at eldre som treng tryggleiksalarm får dette kostnadsfritt
- oppretthalde og vidareutvikle mattilbod til eldre via kommunale kjøkken
- utvide kulturtilbodet til eldre i kommunen
- jobbe for ei verdig og offentlig eldreomsorg tilpassa behovet til den enkelte, anten ein mottar tenester heime, i omsorgsbustad eller på sjukeheim
- greie ut sekstimars arbeidsdag for tilsette i helsevesenet
- tilby vidareutdanning for tilsette i kommunen

Oppvekst, barnehage og skule

Utdanning er den viktigaste investeringa for framtida i Øygarden. Raudt ønskjer barnehagar og skular som stimulerer til sjølvtillit og lærerlyst hos alle unge, slik at dei skaffar seg kunnskapar og ferdigheter til å delta i samfunnet. Vi ønskjer oss ein barnehage- og skulebruksplan som ser på strukturen i heile kommunen. Dagens struktur er god og bør ikkje endrast før planen er på plass. Kommunen må vere konkurransedyktig og sikre god tilgang på vidareutdanning til alle tilsette som vil ha.

Ein god oppvekstkommune

Raudt vil at alle som veks opp i Øygarden kommune skal ha trygge og gode oppvekster og ungdomstider i gode nærmiljø. Barnehagar, skular, ungdomsklubbar og fritidsaktivitetar må vere nær oppvekstmiljøa og ikkje verke sentraliseringe. Det er viktig at barna sine oppvekstkår ikkje vert avgrensa av foreldra sin økonomi.

Raudt vil lytte til ungdommen og organisasjonar som jobbar for ungdom. Det er viktig å styrke tilboda til ungdom, i heile kommunen. Raudt ser det som ei offentleg oppgåve å sikre trygge, trivelege og rusfrie møtestader for ungdommar.

RAUDT VIL:

- følgje opp forpliktande tiltak mot mobbing på alle nivå i alle barnehagar, skular og arbeidsplassar i Øygarden gjennom "Trygg i fellesskap" og BTI
- styrkje PPT og andre viktige støtteinstansar tilknytt barnehagar og skular for å gje likeverdig tilbod til alle
- behalde nærbarnehagar og nærskular, og byggje ut og tilpasse dei der dei er i lokalmiljøa
- redusere foreldrebetalinga for SFO og barnehage, med mål om at det skal bli gratis, og utvide ordninga med søskensmoderasjon til å gjelde i både SFO og barnehage
- gje alle barn og unge i kommunen rett til å delta i organisert fritidsaktivitet i kvardagen, uavhengig av familien sin økonomi
- ha fleire rusfrie møteplassar og fritidsklubbar for ungdom over heile Øygarden
- ha betre førebyggande arbeid mot rus og mobbing, ved å ha eit tettare samarbeid mellom frivillige og offentlege tenester

Barnehagar

Raudt ønskjer ikkje store barnehagar og meiner grensa bør vere på 4 avdelingar for å skape eit trygt og godt miljø for barn og tilsette. Barnehagen skal vere ein stad for omsorg, leik og læring. Utvikling av eit godt sjølvbilete, sosial kompetanse, språk og kreativitet er det viktigaste som skjer i barnehagen.

RAUDT VIL:

- styrke grunnbemanninga i barnehagar med barnehagelærarar og pedagogisk personale
- ivareta dei ideelle barnehagane som finst i kommunen
- styrke spesialpedagogisk ressurs i barnehagar og skular
- behalde ordninga med språkopplæring for minoritetsspråklege barn i barnehagar

Grunnskule og SFO

Lærarar og tilsette blir pålagt stadig fleire oppgåver som kjem på kostnad av den viktigaste jobben, undervisninga. Vi treng sårt fleire tilsette i skulen. Skulen skal skape eit læringsmiljø som stimulerer sjølvstilling og lærelysten hos kvar enkelt, slik at dei blir i stand til å skaffe seg kunnskapar og ferdigheiter. Raudt ønskjer ein meir praktisk retta skule og eit sterkare fokus på tiltak mot mobbing.

RAUDT VIL:

- styrke grunnbemanninga i skulen. Fleire lærarar, pedagogisk personale, miljøterapeutar, miljørarbeidarar og andre tilsette som skulen har behov for
- prøve ut ordningar med gratis skulemåltid og leksefri skule
- styrke skulebiblioteka ved å innføre ”Skulebibliotek-standarden” på alle skular
- fortsetje arbeidet med å styrke skulehelsetenesta med fleire helsejukepleiarar og utvida helsestasjon for ungdom
- styrke morsmålsopplæringa i skulane



Næringspolitikk og samferdsle

Raudt vil jobbe for ein aktiv næringspolitikk i kommunen vår. Raudt vil stoppe nedbygging av verdifull natur og matjord, og halde forureinande oppdrettsnæringer borte frå kysten vår.

RAUDT VIL:

- ha ein aktiv næringspolitikk for å sikre og vidareutvikle industrien og næringslivet med gode arbeidsplassar i heile Øygarden
- ferdigstille påbegynt og finansiert kommunal energi- og klimaplan med meir konkrete tiltak
- at oppdrettsnæringa skal over på lukka og rømningssikre anlegg, anten sjø- eller landbasert
- seie nei til alle nye konsesjonssøknader som gjelder vindkraft, både havvind og vindkraftverk på land
- greie ut sjansar for ny helikopterbase frå Nordsjøen til nord/vest i Øygarden.

Samferdsle

Mange viktige vegval blir tatt nasjonalt og på fylkesnivå. Vi vil likevel jobbe for god og billeg kollektivtransport, samt sørge for energieffektivisering og kutt i eigne utslepp.

RAUDT VIL:

- jobbe for å få etablert fylkeskommunale hurtigbåtsamband til fleire stader i Øygarden
- ha storstilt utbygging av sykkel- og gangstiar langs eksisterande vegar, og elles i samband med all ny vegutbygging i Øygarden
- utbetre og utvide vegnettet i Øygarden i tråd med folkeveksten, og med best mogleg tilrettelegging for god og effektiv kollektivtransport utan kø
- at det skal bli trygge skulevegar for alle barn og tilby gratis skuleskyss der vegane ikkje er trygge.
- ha fleire gratis innfartsparkeringar ved kollektivknutepunkt
- seie nei til å finansiere vegutbygging med bompengar



Arbeidsliv

Raudt står på arbeidsfolkets side i kampen for auka grunnbemanning, mot sosial dumping, overstyring og målemani. Vi vil bruke kvart høve vi får til å betre forholda til folk som er på jobb i kommunen vår. Arbeidsfolk må sikrast reell medverknad i eigen arbeidskvardag gjennom overordna trepartssamarbeid og formelle møtearenaer på alle arbeidsplassar. Privat profit må aldri stå i vegen for løns- og pensjonsvilkåra til arbeidsfolk. Vi vil difor kjempe mot velferdsprofitørar som stel løna og pensjonen til tilsette for å bygge store formuar, til dømes i skatteparadis i utlandet.

RAUDT VIL:

- gå imot all privatisering og konkurranseutsetjing av kommunale tenester
- seie nei til bruk av vikarbyrå, midlertidige tilsette og konkurranseutsetjing i kommunale einingar
- avgrense bruk av konsulenttenester
- greie ut sekstimars arbeidsdag med full lønskompensasjon
- utøve tilsynsplikt (påse-ansvar) for å motverke all sosial dumping på oppdrag i kommunal regi
- sikre at tillitsvalde og verneombod får tilstrekkeleg tid til å utføre verva, også i organisatorisk arbeid
- sikre at alle tilsette får tilbod om god fagleg oppdatering

Inkluderande arbeidsliv

For at Øygarden kommune skal vere ein inkluderande arbeidsgjevar må det bli lagt til rette for at alle som ønskjer det har moglegheit til å delta i arbeidslivet, også om dei har utfordringar med språk, rus, mental helse eller funksjonsnedsetjingar. Mange tusen unge står i dag utanfor arbeidslivet. Samtidig er det eit stort behov for arbeidskraft i ei rekke næringer. Den låge arbeidsløysa gjev ei unik moglegheit til å få endå fleire av dei som i dag av ulike grunnar ikkje er i jobb, inn i arbeidslivet.

RAUDT VIL:

- arbeide for ei tettare kopling mellom utdanningsinstitusjonane og næringslivet, for å sikre eit utdanningstilbod som i større grad blir tilpassa behova til næringslivet i regionen.
- at alle som ønskjer det skal få tilbod om heiltidsstillingar i kommunale einingar utvikle ein strategi for å løyse rekrutterings- og kompetansebehovet som vil komme i arbeidslivet i regionen dei neste åra.
- vektleggje landsdekkande tariffavtalar og bruk av lærlingar i vektinga i kommunalt innkjøpsreglement og kommunale anbodsprosessar
- tilby lærlingplass i kommunen til alle som ynskjer, uavhengig av alder
- at kommunen skal tilby fleire lågterskelarbeidsplassar, slik at alle som ønskjer det, skal kunne bidra og delta i fellesskapet

Kultur og idrett

Mange av kulturaktivitetane i kommunen blir drifta av frivillige organisasjonar. Dei tilbyr eit breitt utval av aktivitetar til barn og unge i kommunen. Dataspel, e-sport, film, grafisk produksjon, gatekunst, programmering og andre digitale uttrykksformer er også kultur. Kommunen må stille fasilitetar til rådighet slik at alle kan få delta i kultur- og idrettsaktivitetar. Raudt meiner det er viktig å ta vare på og formidle kunnskap om felles kulturarv og kulturminne, anten det finst som anlegg og bygningar, som kulturlandskap, eller som gjenstandar i arkiv eller museum.

RAUDT VIL:

- styrke bemanninga i folkebiblioteka i kommunedelssentera og oppretthalde meirope opningstider
- vidareutvikle Nordsjøfartsmuseet, Kystmuseet og Fjell festning som viktige kulturelle møtestader med verdifulle opplevelingar og mangfold
- oppretthalde og vedlikehalde gode turløyper i skog og mark og vidareutvikle ei samanhengande Nordsjøløype
- utvide utstyrsbiblioteka til fleire stader i kommunen.
- støtte opp om lokale kulturelle møtestader og arrangement knytt til kystkulturen
- at kommunen tar initiativ til samarbeid med velforeiningar, grendelag og liknande organisasjonar.
- at kommunen etablerer eit samarbeidsforum for frivillige organisasjonar i kommunen
- behalde innført ordning med gratis bruk og leige av skular, idrettshallar og kommunale bygg til lag og organisasjonar



Klima og miljø

Raudt står for ein systemkritisk og sosialt rettferdig miljøpolitikk. Kostnadane ved den naudsynte omstillinga av samfunnet må takast vare på i fellesskap, og fellesskapsløysingar må prioriterast framfor å dytte ansvaret over på enkeltpersonar.

RAUDT VIL:

- styrke arbeidet med å få på plass ein arealplan der miljøomsyn veg tungt: jordbruksareal må vernast, strandlinje disponererast til fri ferdsel og det må leggjast opp til framtidige løysingar med mindre bilisme
- ha ein industripolitisk offensiv med grøne arbeidsplassar i Øygarden. Kommunen må satse på prosjekt med fornybar energi
- at det blir satsa vidare på tiltak mot plastforsøpling i sjø og på land
- at innføring av kjeldesortering i alle kommunale bygg blir følgd opp med god praktisering
- finne og ta i bruk miljøvennlege alternativ til bruk av plastgranulat på kommunale kunstgrasbaner

Bustadpolitikk og byutvikling

Raudt ønskjer ein god utvikling som skapar og tek vare på mangfoldige fellesskap og bymiljø der menneske trivst. Vi vil ha ei byutvikling på lag med innbyggjarane og klimaet, ikkje på utbyggane sine premissar. Raudt ønskjer å sjå på moglegheita for å etablere ein tredje bustadsektor der ein kjøper og sel bustad under marknadspris, organisert av eit kommunalt føretak.

RAUDT VIL:

- sikre reell medverknad frå innbyggjarane i byutviklinga
- ha ei byutvikling som ikkje berre bygger leilegheitsblokker i moderne stil, men som skapar gode bumiljø og vektlegg ønskja til innbyggjarane
- halde fast ved rekkefølgjekrav i utbygging: før store bustadutbyggingsprosjekt må det på plass skular, velferd, idrettsplassar, infrastruktur og kollektivtilbod. Behova til barn og unge skal dessutan vege tungt i utbyggingssaker
- passe på at det blir bygd bustader for innbyggjarar med ulik inntekt og bakgrunn, med fokus på universell utforming
- arbeide for at det skal vere lett for menneske med nedsett funksjonsevne å kunne byggje eigen tilrettelagt bustad
- at kommunale bufellesskaps-leilegheiter skal byggjast med maksimalt sju brukarar i same fellesskap
- arbeide for å få på plass ein reell “tredje” møteplass i kommunen ved å opprette park- og torg-område ved kommunedelssentera

Solidaritet og inkludering

Dei sosiale forskjellane i Norge heldt fram å auke, også i Øygarden. Arbeid til alle er den beste måten å jamne ut sosiale forskjellar på. Det er difor viktig å hjelpe flest mogleg ut i arbeidslivet, men samstundes jobbe for god tilrettelegging og støtteordningar for dei som blir ståande på utsida. Løn er eit viktig verkemiddel for å rekruttere fritidskontaktar, og vi meiner at kommunen skal vere konkuransedyktig i møte med nabokommunane våre.

Raudt går til val for ein open, solidarisk og antirasistisk kommune. Innanfor levekårsområdet handlar dette om å leggje til rette for eit mangfold av menneske i alle aldrar. Løysingane Raudt foreslår er å ta vare på medmenneska, gje folk likeverdige moglegheiter og byggje opp eit trygt samfunn som alle kan delta i.

RAUDT VIL:

- at Øygarden kommune skal ta imot fleire flyktninger og asylsøkarar
- oppretthalde og styrke vaksenopplæring som eit viktig integreringstilbod
- legge til rette for auka integrering av innvandrarar ved å gje tilbod om gratis norskkurs til alle som ynskjer, og styrke språkpraksisplassane
- styrke ordninga med fritidskontaktar for innbyggjarar med behov for støtte til å leve eit fullverdig liv.
- arbeide for at unge funksjonshemma skal ha like moglegheiter til å delta i dei kommunale fritidstilboda i sommarferien.
- arbeide for at det blir gjenopprettet eit likestillings- og mangfaldsutval i Øygarden kommune, og at det blir utarbeidd ein ny og oppdatert likestillings- og mangfaldsplan med forpliktande tiltak
- støtte kvinneorganisasjonar, feministisk arbeid og frivillige organisasjonar som arbeider mot rasisme og diskriminering, og styrke haldningsarbeidet i hele kommunen
- at kommunen får på plass eit livssynsnøytralt seremonirom og arbeider for reelle moglegheiter for likekjønna vigslar i Øygarden
- at kommunen skal ta initiativ til haldningsskapande skulering om LHBTQ+-rettar på skular, arbeidsplassar og i idrettsklubbar
- at Øygarden kommune framleis sluttar seg til Bergen Pride og heisar regnbogeflagget ved alle kommunale bygg under arrangementet kvart år





1. Nils Bjarte Sæle



2. Elisabeth K. Lie



3. Arne Petter Solberg



4. Mathilde Sæle

Namn:

1. Nils Bjarte Sæle
2. Elisabeth K. Lie
3. Arne Petter Solberg
4. Mathilde Sæle
5. Tommy A. Borch
6. Pål Ferstad-Løland
7. Lene Skjellestad Hansen
8. Lars Vassenden
9. May Britt Kindem
10. Atle Kristoffersen
11. Irene Huse
12. Bendik Vatne
13. Amanda-Lauré Thorbjørnsen
14. Kenneth Straume

Fødd:

- 1979
- 1988
- 1961
- 2003
- 1988
- 1978
- 1959
- 1981
- 1964
- 1959
- 1966
- 1995
- 1994
- 1980

Bustad:

- Ågotnes
- Skogsvåg
- Breivik
- Ågotnes
- Skogsvåg
- Kolltveit
- Klokkarvik
- Klokkarvik
- Knarrevik
- Brattholmen
- Ågotnes
- Straume
- Rong
- Straume

Stilling:

- Kontormedarbeidar
- Lærar
- Pensjonist
- Sveiserlærling
- Sjukepleiar
- Prosjektansvarleg
- Pensjonist
- Renovasjonsarbeidar
- Hovedverneombud
- Renovasjonsarbeidar
- Overingeniør
- Ingeniør
- Student
- Miljøarbeidar

Stem Raudt i fylkestingsvalet



Alle elevar i Vestland skal få kjenne meistring i ein inkluderande skule tilpassa deira behov. Vi skal styrke laget rundt eleven og lærlingane, for å sikre at flest mogleg får fullført og realisert sitt yrkes- og studieval. Raudt er garantist for det breie offentlege opplæringstilbodet og seier nei til kommersielle privatskular.

JEANETTE SYVERSEN - 1. KANDIDAT - BERGEN

Vi skal sikre rimelege kultur- og idrettstilbod som er tilgjengelege for alle uavhengig av lommeboka. Vi må auka likestillinga og satse på inkludering og mangfald i idrett og kulturliv. Vi skal styrke breiddeidretten og frivillegheta gjennom gode tilskotsordningar. Rimeleg (helst gratis) og godt desentralisert offentleg tannhelsetilbod, er viktig i eit folkehelseperspektiv.



RITA TONNING - 2. KANDIDAT - FØRDE



Raudt vil ha politisk kontroll over krafta. Vi jobbar for ein næringspolitikk som kjem heile folket til gode. Vi vil verne naturen mot vindkraft, både på land og til havs, og stoppe utanlandske investorar si jakt på profitt. Raudt vil satse på energisparing. Straumen skal ikkje nyttast til elektrifisering av sokkelen og datasenter. Vi vil satse på industri som skapar arbeids- og læreplassar.

JOHAN LAVIK - 3. KANDIDAT - BERGEN



Kollektivtilbodet skal bli meir tilgjengeleg i heile fylket slik at alle kjem seg rundt i distrikta på ein god måte. Kollektivtransport må bli rimelegare og helst gratis, og dei same prisane må gjelde for både tog, buss og båt. Vi prioritærer rassikring og vedlikehald av fylkesvegnettet, og seier nei til kapasitetsaukande vegprosjekt som Hordfast.

SINDRE TAXT MÅGE - 4. KANDIDAT - ODDA



BLI MED PÅ LAGET

Scan QR-koden med mobilen eller se raudt.no/bli-medlem for å melde deg inn.

FØLG OSS PÅ FACEBOOK

facebook.com/Raudtoygarden

